



Til adresseliste

Vår dato: 08 MARS 2012

Vår ref.: NVE 201106680-2 ki/saas

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22 95 95 44

Surnadal Alpineiendom AS – Søknad om løyve til uttak av vatn frå Sjøasætervatnet for snøproduksjon i Surnadal alpinsenter i Surnadal kommune, Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Surnadal Alpineiendom AS, datert 18.11.2011, om løyve til uttak av vatn for snøproduksjon i Surnadal kommune.

Surnadal Alpinsenter ligg rett sør for tettstaden Surnadal på Nordmøre. Det planlagde tiltaket ligg innanfor nedslagsfeltet til Sjøasætervatnet og Holtaelva, som drenerer til Surnadalsfjorden. Surnadal Alpinsenter ønskjer å ta ut vatn frå Sjøasætervatnet for produksjon av kunstsno i alpinanlegget i Surnadal. Ved Sjøasætervatnet vert det etablert ein pumpestasjon, med effekt på 90 kW. Vatnet skal pumpast herifrå over eit høgdedrag og fram til snøproduksjonsanlegget i alpinsenteret. Mellom pumpehuset og alpinanlegget skal det gravast ned ein 2500 m lang vassleidning med diameter på 280 mm. Det vil også bli grave ned ein 400 kW kabel med lengde på om lag 350 m mellom pumpestasjonen og næraste trafo. Det er ikkje behov for ny veg i samband med tiltaket.

Det er ønskje om å produsere nok snø til ein 50 cm tjukk sole i heile alpinbakken. Til dette er det vurdert at det er behov for eit vassuttak på 200 m³/t i 150 timar, noko som tilsvarar 55,6 l/s i 6,25 døgn og til saman 30 000 m³. I tillegg vil det vere behov for noko vedlikehald i løpet av sesongen. Det vert lagt til grunn at anlegget vil vere i drift i til saman 14 døgn i løpet av ein sesong, og det samla vassforbruket vil vere på 67 000 m³. Totalt vil dette utgjere i underkant av 1 % av feltet sitt totale tilsig. For å sikre stabil og sikker tilgang på vatn er det også søkt om å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og 490. Det vil bli slept minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 16 l/s.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Surnadal Alpineiendom AS v/Harald Bredesen på tlf. 71 65 58 50/91 37 81 78 eller e-post: harald.bredesen@surnadal.kommune.no.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE ber Surnadal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunehuset/rådhuset fram til **30.04.2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.


Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.04.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


for Gry Berg
fung. seksjonssjef


Silje Aakre Solheim
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste

Adresseliste for: Uttak av vatn for snøproduksjon i Surnadal alpinsenter

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Driva og Tidens krav

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL <i>Søknadane ligg i kommunen</i>
	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
	Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
	Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
	Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL,
	NJFF Møre og Romsdal, Årøseterveien 35, 6422 MOLDE,
	Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal, Kommunehuset, 6631 BATNFJORDSØRA
	Kristiansund og Nordmøre Turistforening, Pb. 476, 6501 KRISTIANSUND
1	KM Tore Olav Sandnæs
1	KD Rune Engesæter

- KUNNGJERING -

Surnadal Alpineiendom AS – Søknad om løyve til uttak av vatn frå Sjøasætervatnet for snøproduksjon i Surnadal Alpinsenter i Surnadal kommune

NVE har motteke ein søknad frå Surnadal Alpineiendom AS om løyve til uttak av vatn frå Sjøasætervatnet, for snøproduksjon i Surnadal Alpinsenter i Surnadal kommune.

Ved Sjøasætervatnet vert det etablert ein pumpestasjon, med effekt på 90 kW. Vatnet skal pumpast herifrå over eit høgdedrag og fram til snøproduksjonsanlegget i alpinsenteret. Mellom pumpehuset og alpinanlegget vert det grave ned ein 2500 m lang vassleidning med diameter på 280 mm. Det vil også bli grave ned ein 400 kW kabel med lengde på om lag 350 m mellom pumpehuset og næraste trafo. Det er ikkje behov for ny veg i samband med tiltaket.

Det er planlagt at anlegget skal vere i drift i til saman 14 døgn i løpet av sesongen. Det totale vassbehovet vil vere på 67 000 m³, noko som utgjer i underkant av 1 % av feltet sitt totale tilsig. For å sikre tilgangen på vatn er det også søkt om å regulere Sjøasætervatnet mellom kote 489,4 og 490. Søkjar planlegg slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 16 l/s.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset/rådhuset i Surnadal kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Surnadal Alpineiendom AS v/Harald Bredesen på tlf. 71 65 58 50/91 37 81 78 eller e-post: harald.bredesen@surnadal.kommune.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.04.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentliggjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert óg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør vektleggje tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming etter vassressurslova. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.